

Vedtekter for Stiftinga Vinje Skulegard

§ 1

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Vinje Skulegard.

§ 2

Kontoradressa er Vinjevegen 192, 3890 Vinje.

§ 3

Stiftinga har som føremål å bidra til å førebyggje fråfall i skulen ved å fremje auka inkludering og deltaking i samfunnet. Vinje Oppvekst har som øvste føremål å sikre livsmeistring for alle. Vinje Skulegard skal vera eit tilbod til alle skulane i Vinje kommune. Opplæringa blir tilpassa den enkelte elev med utgangspunkt i den til ei kvar tid gjeldande læreplan. Stiftinga skal ta vare på Rauland prestegard som kulturarv, å bruke den til samfunnsnyttige aktivitetar. Stiftinga kan ved ledig kapasitet tilby plassar til andre kommunar. Sosialt entreprenørskap står sentralt i å utvikle garden sine ressursar og moglegheiter, med resultat av utvida og relevant læringsmateriale for målgruppa og ekstra inntekt for Skulegarden.

§ 4

Stiftinga sin grunnkapital er NOK 100.000.

§ 5

Styret er stiftinga sitt øvste organ, og består av 4-6 medlemmer.

Styremedlemmane blir oppnemnt av Representantskapet for ein periode på 2 år, med høve til forlenging. Slutningar blir avgjort ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap er styreleiars stemme avgjerande. Ein/ei som bur eller jobbar på Vinje Skulegard, kan sitje i styret. Dersom vedkomande som bur og/eller jobbar på garden ikkje ynskjer å sitje i styret, kan dette bli innfridd. Styreverv er i hovudsak basert på frivilligkeit.

Representantskapet består av 3 medlemmar:

- Oppvekst- og velferdsutvalet oppnemner 1 representant.
- Kommunedirektøren oppnemner inntil 1 representant.
- Rehabiliteringssenteret AiR oppnemner 1 representant.

Representantskapet utnemner styret i konsultasjon med sitjande styre. Eventuelle andre oppgåver som Representantskapet skal utføre, må bli klarert med *overgangsstyret* (sjå stiftingsdokument pkt. 2 og 3) for Vinje Skulegard før oppstart hausten 2025.

§ 6

Styret står for forvaltinga av stiftinga og skal sørge for at føremålet til stiftinga blir etterlevd. Styret skal vidare sjå til at stiftinga sitt rekneskap og formueforvalting blir kontrollert og kvart år sørge for trygg utarbeiding av årsoppgjer og årsberetning for stiftinga.

Stiftinga skal ha dagleg leiar som blir tilsett av styret.

Dagleg leiar har møte- og talerett i styret.

§7

Styret skal dekke følgande kompetanse/eigenskap:

- Skulefagleg person frå Vinjeskulen
- Spesialpedagogisk kompetanse
- Økonomi/rekneskap/finansiering
- Landbruk/skogbruk/bygg/næringsliv/sosialt entreprenørskap
- Prosjektleiarkompetanse

§ 8

Stiftinga sitt overskot skal i sin heilskap bli nytta til utvikling av stiftinga og føremålet.
Ved eventuelle utdelingar eller opphøyr, skal stiftinga sitt overskot i sin heilskap bli gitt til føremål i
tråd med Stiftinga Vinje Skulegard sitt føremål.

§ 9

Styret kan utnemne ei rådgjevande gruppe etter nærmere behov, som vil ha til oppgåve å gi råd til
styret sine medlemmar og eventuelt foreslå nye styremedlemmar.

§10

Ved endring av føremål eller vedtekter, skal Stiftelsestilsynets og Stiftelseslova sine retningsliner bli
følgd.

Åmot i Vinje, 07.10.2024